



MØTEBOK

Høyring - planprogram for regional plan for areal og mobilitet i Vestland

Utval sak	Utval	Møtedato
47/25	Formannskapet	24.09.2025
RS 2/25	Utval for plan og miljø	30.09.2025

Vedlegg:

- 1 Høyring og offentlig ettersyn av planprogram for regional plan for areal og mobilitet i Vestland.pdf
- 2 Vedtatt høringsutkast planprogram RAM FU.pdf

Innstilling frå kommunedirektøren:

Fitjar kommune gjev slik høringsfråsegn til planprogram for Regional plan for areal og mobilitet:

Fitjar kommune meiner at planen vil leggja urimelege føringar for kommunane sitt ansvar for arealplanlegging innan eigne kommunegrenser. Planprogrammet drøftar ikkje kommunane og fylkeskommunen sitt ansvar i høve til arealplanlegging. Dette synes som ein klar mangel i ljøs av det omfattande ambisjonsnivået som ligg til grunn for berekraftig arealforvaltning. I vurderinga av kva grensesnitt planen er meint å ha mot kommunane si planlegging bør det gjerast nokre overordna prinsipielle vurderingar på kva ein regional plan bør ta opp og kva som bør overlatast til kommunane. Erfaringar frå arbeidet med Regional kystsoneplan for Sunnhordland og Ytre Hardanger såg me at fylkeskommunen gjekk svært langt ned i detaljar i sine retningslinjer. Fitjar kommune meiner at fylkeskommunen bør avgrense sin ambisjon til å sjå på tilhøve som ligg i blindsona for den kommunale planlegginga.

Fitjar kommune stiller spørsmål ved om fylkeskommunen har naudsytte føresetnader for å styre framtidige utbyggingsmønster for bustader, fritidsbustader, næringsareal, friluftsliv med vidare for vår kommune. Slik me les ambisjonane i planprogrammet er dette planen legg opp til.

Fitjar kommune meiner at fylkeskommunen viser ein manglande forståing for korleis dei geografiske tilhøva er i mange kommunar når det står å lese i planprogrammet at ein må «unngå spreidd utbygging som gir auka bilavhengigheit og naturinngrep. Bustadbygging skal bli prioritert der det er god tilgjengelegheit til arbeidsplassar, utdanning, handel og kollektivtransport.» Dette er sjølvstøtt heilt rett der det er fungerande og gode kollektivløysingar, men neppe ein god strategi for ein kommune som Fitjar.

Fitjar kommune meiner også at den arealstrategien som vert lagt opp er svært konserverande og vil gjera framtidig utvikling ennå vanskelegare enn i dag. Fitjar kommune meiner at fylkesutvalet bør vurdere om UFF metodikken er eigna for desse

avklaringane. Fitjar kommune vurderer at denne metodikken har ein skeivheit som slår særleg dårleg ut for kommunar som ennå har relativt store arealressursar.

Bruk av kart og retningslinjer var eit tema i samband med Regional kystsoneplan for Sunnhordland og Ytre Hardanger. For å unngå tilsvarande usemje og påfølgjande klage og mekling på overordna plan bør det politiske styringsnivået i fylkeskommunen leggja føringar på kor langt desse verkemidla skal nyttast. Dette bør avklarast i planprogrammet.

Fitjar kommune har ikkje særskilte merknader knytt til plantema mobilitet og transport, men meiner nok at dette heller kunne vore skildra i eigen plan slik som gjennom Regional Transportplan Vestland. Planprogrammet slik det ligg føre til høyringa synes å handla mykje om areal og lite om transport. Grunnlaget for samordna areal og transportplanlegging er avgrensa i områder der det i realiteten er svært få moglegheiter til å erstatte bruk av eigen bil.

Til slutt vil Fitjar kommune peika på at Regional plan for areal og mobilitet også er føresett å løysa viktige punkt i høve til Regional plan for verdiskaping og kompetanse. Det bør gjerast meir tydeleg i planen korleis den også skal verka til å fremja verdiskaping og omstilling.

Saksprotokoll i Formannskapet - 24.09.2025

Behandling:

Innstilling frå kommunedirektøren vart samrøystes vedteke (4 røyster).

Vedtak:

Fitjar kommune gjev slik høyringsfråsegn til planprogram for Regional plan for areal og mobilitet:

Fitjar kommune meiner at planen vil leggja urimelege føringar for kommunane sitt ansvar for arealplanlegging innan eigne kommunegrenser. Planprogrammet drøftar ikkje kommunane og fylkeskommunen sitt ansvar i høve til arealplanlegging. Dette synes som ein klar mangel i ljøs av det omfattande ambisjonsnivået som ligg til grunn for berekraftig arealforvaltning. I vurderinga av kva grensesnitt planen er meint å ha mot kommunane si planlegging bør det gjerast nokre overordna prinsipielle vurderingar på kva ein regional plan bør ta opp og kva som bør overlatast til kommunane. Erfaringar frå arbeidet med Regional kystsoneplan for Sunnhordland og Ytre Hardanger såg me at fylkeskommunen gjekk svært langt ned i detaljar i sine retningslinjer. Fitjar kommune meiner at fylkeskommunen bør avgrense sin ambisjon til å sjå på tilhøve som ligg i blindsona for den kommunale planlegginga.

Fitjar kommune stiller spørsmål ved om fylkeskommunen har naudsynte føresetnader for å styre framtidige utbyggingsmønster for bustader, fritidsbustader, næringsareal, friluftsliv med vidare for vår kommune. Slik me les ambisjonane i planprogrammet er dette planen legg opp til.

Fitjar kommune meiner at fylkeskommunen viser ein manglande forståing for korleis dei geografiske tilhøva er i mange kommunar når det står å lese i planprogrammet at ein må «unngå spreidd utbygging som gir auka bilavhengigheit og naturinngrep. Bustadbygging skal bli prioritert der det er god tilgjengelegheit til arbeidsplassar, utdanning, handel og kollektivtransport.» Dette er sjølvstykke heilt rett der det er fungerande og gode kollektivløysingar, men neppe ein god strategi for ein kommune som Fitjar.

Fitjar kommune meiner også at den arealstrategien som vert lagt opp er svært konserverande og vil gjera framtidig utvikling ennå vanskelegare enn i dag. Fitjar kommune meiner at fylkesutvalet bør vurderer om UFF metodikken er eigna for desse

avklaringane. Fitjar kommune vurderer at denne metodikken har ein skeivheit som slår særleg dårleg ut for kommunar som ennå har relativt store arealressursar.

Bruk av kart og retningslinjer var eit tema i samband med Regional kystsoneplan for Sunnhordland og Ytre Hardanger. For å unngå tilsvarande usemje og påfølgjande klage og mekling på overordna plan bør det politiske styringsnivået i fylkeskommunen leggja føringar på kor langt desse verkemidla skal nyttast. Dette bør avklarast i planprogrammet.

Fitjar kommune har ikkje særskilte merknader knytt til plantema mobilitet og transport, men meiner nok at dette heller kunne vore skildra i eigen plan slik som gjennom Regional Transportplan Vestland. Planprogrammet slik det ligg føre til høyringa synes å handla mykje om areal og lite om transport. Grunnlaget for samordna areal og transportplanlegging er avgrensa i områder der det i realiteten er svært få moglegheiter til å erstatte bruk av eigen bil.

Til slutt vil Fitjar kommune peika på at Regional plan for areal og mobilitet også er føresett å løysa viktige punkt i høve til Regional plan for verdiskaping og kompetanse. Det bør gjerast meir tydeleg i planen korleis den også skal verka til å fremja verdiskaping og omstilling.

Saksprotokoll i Utval for plan og miljø - 30.09.2025

Behandling:

Utval for plan og miljø tok saka til orientering, og støttar opp om vedtaket frå formannskapet.

Bakgrunn:

Vestland fylkeskommune varslar oppstart av arbeidet med ein regional plan for areal og mobilitet, i tråd med plan- og bygningslova §§ 8-1 og 8-3. Samstundes vert planprogrammet sendt på høyring og lagt ut til offentleg ettersyn (§ 4-1).

Planen skal:

- Fastsetje strategiske føringar for arealbruk og mobilitet.
- Samordne utbygging med infrastruktur for transport, energi og tenester.
- Balansera utbyggingsbehov mot klima, natur, landskap og kulturminne.
- Samle regionale arealføringar i ein heilskapleg plan.

Det er no planprogrammet som er lagt til høyring. Planprogrammet gjer greie for føremålet med planarbeidet, planprosessen, medverknad og utgreiingar som bør gjerast. Planprogrammet legg såleis vesentlege føringar for den endelege planen. Planen vil ha innverknad både for fylkeskommunale tenester og kommunal planlegging etter plan og bygningslova. Frist for å gje uttale til planprogrammet er 10. oktober.

Forankring i planar/mål:

Ikkje relevant.

Saksutgreiing:

I samband med at fylkestinget vedtok Utviklingsplan for Vestland i desember 2024 vart det gjort vedtak om at to nye sektorovergripande planar, Regional plan for areal og mobilitet og Regional plan for verdiskaping og kompetanse, skal utviklast breitt og erstatta fleire regionale planar.

Regional plan for areal og mobilitet skal fastsetja strategiske føringar for utbyggingsmønstre i Vestland. Det heiter vidare at planen skal «..utvikle prinsipp som balanserer behov for arealbruk og infrastruktur med natur, landskap og ressursbruk.»

Ein regional plan skal leggjast til grunn for kommunen si planlegging, men har ikkje direkte rettsverknad slik som ein kommuneplan. Planen vil likevel ha stor innverknad for kommunen og innbyggjarane ved at kommunen skal leggja planen til grunn forsi planlegging.

Det vert peika på at det kan vera aktuelt å nytta følgjande verkemiddel for gjennomføring av planen:

- Mål og strategiar som peikar ut retning og prioriteringar
- Retningslinjer som kommunane og andre aktørar skal leggja til grunn.
- Planføresegner knytt til retningslinjer for arealbruk for å ivareta nasjonale eller regionale omsyn og interesser. Desse er juridisk bindande og tidsavgrensa, jf. plan og bygningslova § 8-5.
- Handlingsprogram som konkretiserer gjennomføring av planen.
- Kart som kan vise strategiske eller tematiske sturkturar, verdier eller område/soner i eit regional perspektiv.

Planprogrammet peiker på moglege målkonflikter i planlegginga til dømes kan det oppstå målkonflikter når behov for næring, bustader og fritidsbustader skal handterast opp mot andre omsyn. Planarbeidet tar sikte på å synleggjere og utforme prinsipp for vektig av ulike interesser. På side 8 utkast til planprogram er det vist til at UFF rammeverket skal leggjast til grunn. UFF står for unngå, flytte og forbetre.

I kapittel 2 vert konkrete tema for planarbeidet gjennomgått, dei viktigaste tema områda er:

- Regionsenter og transportstruktur
- Berekraftig arealforvaltning
 - o Regionale utbyggingsmønster
 - o Bustadutvikling og bumiljø
 - o Fritidsbustader, turisme og besøksforvaltning
 - o Kulturmiljø og kulturarv
 - o Arealkrevjande næring
 - o Mineral og masseressursar
 - o Blågrøne areal
 - o Jordvern og landbruk
 - o Natur og friluftsliv
 - o Kystnære sjøareal, strandsone og vassforvaltning
 - o Naturfare og klimatilpassing
 - o Energi
- Mobilitet og transport
 - o Fylkesvegnettet
 - o Kollektivtransport
 - o Nasjonale ansvarsområde

I kapittel 3 vert det skrive litt om oppfølging av planen.

I kapittel 4 vert kunnskapsgrunnlaget for planen vurdert. Det er verd å merkja seg at det vert peika på at for regionale planar med retningslinjer eller rammer for framtidige utbygging skal planskildringa ha ein konsekvensvurdering for miljø og samfunn.


I kapitel 5 er opplegg for medverknad skissert.

Mange av temaområda som blir tatt opp i planprogrammet grensar mot kommunane si arealplanlegging og vil heilt klart gje føringar for denne. Tilhøvet mellom kommunen sitt planansvar og fylkeskommunen sitt planansvar er, pussig nok, ikkje teke opp i det heile.

Vurdering:

Grunnlaget for planen

Planprogrammet som no ligg føre teiknar til å leggja føringar for ei svært konservativ arealforvaltning. Dette er truleg knytt til berekraftsmodellen som planen tar utgangspunkt i. Denne er henta frå Stockholm Resilience Centre og understrekar at naturen legg grunnlaget for både sosiale strukturar og økonomi. Verneperspektivet i arealforvaltninga vert ytterlegare underbygd av det såkalla UFF rammeverket som vert nytta som utgangspunkt for å vurdere ulike mål og interesser mot kvarandre. Illustrasjonen under viser korleis dette rammeverket kan gje grunnlag for prioriteringar:



Figur 4 viser rammeverket for tiltak unngå – flytte – forbedre (UFF) i arealbruk. Figuren viser ulike prioriteringar og døme på korleis prioriteringane kan gi føringar for politiske avgjerder. Døma er ikkje uttømmende. Kjelde: Klimautvalget 2050.

I kap. 1.5 går fylkeskommunen gjennom rammer og føringar for planen, trass i at det ligg ambisjonar om å styre framtidige utbyggingsmønster vert ikkje tilhøve til gjeldande kommuneplanar omtala. På dette punktet bør planprogrammet vurdere korleis omsyn til eksisterande kommuneplanar skal ivaretakast.

Kapittel 2 går gjennom ulike plantema. I dette saksframlegget vil ikkje kommunedirektøren gjere inngåande vurdering av alle temaa, men viser til at utkast til planprogram bør lesast i sin heilskap. I første rekkje vil vurderingane vera knytt til punkt 2.3 som har hovudoverskrifta *Berekraftig arealforvaltning*. Grunnen til at dette vert trekt særskilt fram er at dette synes litt som eit taktskifte i fylkeskommunen sine ambisjonar innanfor arealforvaltning, planen legg opp til å styre denne relativt detaljert. Historisk har fylkeskommunen si planlegging hatt mest fokus på kommuneplanlegginga sine blindsoner, altså arealspørsmål der planlegging i ein kommune får vesentleg verknad for føresetnader for ein anna kommune.

Under punkt 2.3.1 heiter det at areal er ein verdifull og avgrensa ressurs som må forvaltast med omsyn behov i dag og for framtida. Det heiter vidare at «vår arealbruk (må) minke gjennom effektiv utnytting, transformasjon og gjenbruk. Utviklinga bør bli styrt der det vert størst nytt med minst mogleg konflikt.» Dette er og sunn fornuft, men spørsmålet som må stillast er kven som definerer denne utviklinga og innan kva geografisk ramme. Kommunedirektøren meiner at dette ansvaret i dag har lagt til kommunane og at det er kommunen som har utgjort den geografiske ramma for arealforvaltning. Kommunane si arealforvaltning har alltid eksistert saman med institusjonelle system for å sikra at det vert lagt tilstrekkeleg vekt på statlege og regionale omsyn. Regional plan for areal og mobilitet synes å flytta dette til eit fylkeskommunalt ansvar og med utgangspunkt i fylkeskommunen som geografisk ramme.

Under punkt 2.3.2 kjem dette relativt klart fram når det står skrive: « Den regionale planen skal leggje til rette for ein balansert og berekraftig bustadstruktur, der det er

tilgang på varierte og gode buområde. Det handlar om å sikre bustader for ulike grupper i befolkninga og unngå spreidd utbygging som gir auka bilavhengigheit og naturinngrep.» Eit slikt utgangspunkt er sjølvstendig, men vil i liten grad løyse Fitjar kommune sine behov for utvikling av områder der det ikkje er grunnlag for anna enn spreidd utbygging. Det er elles vanskeleg å sjå korleis fylkeskommunen skal planleggje seg ut av bilavhengigheit i kommunar som Fitjar.

Under punkt 2.3.2.2 legg planen opp til mål om å vurdere behov for regionale strategiar og retningslinjer for arealbruk knytt mellom anna til fritidsbustader. Under punkt 2.3.2.4 vert det lagt opp til at planen skal utvikle regionale retningslinjer for lokalisering av næringsareal. Tilsvarende heiter det under punkt 2.3.2.2 at det skal vurderast om det er behov for regionale strategiar og retningslinjer for arealbruk knytt til reiseliv, turisme og fritidsbruk. Det er vanskeleg å sei kor langt slike retningslinjer kan gå inn i det som tradisjonelt har vore kommunane sitt planansvar. Det kan vera verdt å minnst regional kystsoneplan for Sunnhordland og Ytre Hardanger der det mellom anna heiter i retningslinjene at:

«Nye naust bør oppførast som separate einingar med variasjon i breidde og mønehøgde. Naustbygg skal vere maks. 40kvm, vere maks 1 etasje, ha maksimal mønehøgde 5,0 m over lågaste terreng under bygget. Naust skal ha ei utforming som samsvarar med bruken. Større takutstikk, takvindauge, terrassar og balkongar er ikkje i samsvar med bruken. Andre utformingar av naust kan vurderast gjennom detaljplanlegging dersom naustet er fellesnaust, eller det ligg føre gode arkitektoniske og landskapsmessige løysingar.»

I praksis viser dette dømet at fylkeskommunale planar kan gå veldig langt i å laga detaljerte retningslinjer for kommunal planlegging. Det er viktig at fylkeskommunen avklarar desse spørsmåla på eit overordna politisk nivå og ikkje overlate det til fagavdelingane.

Fylkeskommunen har svært viktige ansvar innanfor samferdsle, både i høve til fylkesvegar, ferjesamband, kollektivtransport og trafikktryggleik. Dette er skildra greitt og kommunedirektøren sitt syn er at planprogrammet legg eit grei ramme for å sjå vidare på dette. Risikoen ved at det no vert innarbeidd i ein så omfattande og ambisiøs plan som Regional plan for areal og mobilitet er at planfokuset på desse viktige oppgåvene «druknar» i andre ambisjonar, såleis kan det vera at det hadde vore tenleg å halde fram med Regional Transportplan.

I høve til kunnskapsgrunnlag og skildring av konsekvensar (kap. 4) meiner kommunedirektøren at dette bør supplerast med ein gjennomgang av rolledeling mellom forvaltningsnivåa i dagens plansystem

I kapittel 5 tar planen opp planprosess, organisering og medverknad. Sett i ljøs av at planen i så stor grad tar sikte på å styra kommunane sin arealbruk og såleis også kommunen si planlegging bør medverknad frå kommunane i arbeidet vektleggjast meir.

Økonomi:

Saka har ingen økonomiske konsekvensar.

Oppsummering og konklusjon:

Planprogrammet legg opp til svært høge ambisjonar knytt til styring av arealbruk. Dette stiller ein del prinsipielle spørsmål om korleis det vil påverke tilhøve mellom fylkeskommune og kommunar i høve til planlegging. Desse spørsmåla er i liten grad teke opp i planprogrammet og bør utgreiast før planprogrammet vert vedteke.

Steinar Dalland
kommunedirektør